


REGULERINGSFØRESEGNER


Endring innanfor Detaljreguleringsplan for Hornindal Skisenter og Harevadet hyttegrend m.m. 2007/2014/2019

Føresegnene erstattar: *Føresegner til reguleringsplan for Hornindal Skisenter og Harevadet hyttegrend m.m. av 30.10.2014, KS-056/14 og Reguleringsendring for Hornindal Skisenter og Harevadet hyttegrend m.m., Plan ID: 2018-0001.*

Ajourført i samsvar med kommunestyret sitt vedtak i KS-035/19



Figur 1: Avgrensing av opphavleg plan er markert med svart strek, plangrense for endringa er markert med oransje. Føresegnene gjeld for begge desse områda.



Plankart 2019

| | |
|--|-----------|
| § 1 Generelt | 3 |
| DEL 1 | 3 |
| LANDBRUKSOMRÅDE - PBL § 25.2 (1985) | 3 |
| FRIOMRÅDE - PBL § 25.4 (1985) | 3 |
| Generelt | 3 |
| Anlegg for skileik | 3 |
| Anlegg for idrett og sport – trekktrasear, nedfartsløyper og stadionområde | 3 |
| SPESIALOMRÅDE - PBL § 25.6 (1985) | 4 |
| Friluftsområde | 4 |
| DEL 2 | 4 |
| Bygg og anlegg (PBL §12-5 nr.1) | 4 |
| Samferdselanlegg og teknisk infrastruktur (PBL §12-5 nr.2) | 4 |
| Landbruks,- natur,- og friluftsføremål (PBL §12-5 nr 5.) | 4 |
| Omsynssoner (PBL §12-6) | 4 |
| § 2 Fellesføresegner | 5 |
| 2.1 Krav til søknad | 5 |
| 2.2 Plassering og byggjegranser | 5 |
| 2.3 Utforming av bygg | 5 |
| 2.4 Tilkomst og gjesteparkering | 5 |
| 2.5 Areal som ikkje vert utbygd | 6 |
| 2.6 Inngjerding | 6 |
| 2.7 Vatn og avløp | 6 |
| 2.8 El. forsyning, telefoni, antenner m.m. | 6 |
| 2.9 Leidningar i grunnen | 6 |
| 2.10 Kulturminne | 6 |
| § 3 Bygningar og anlegg (PBL §12-5 nr.1) | 6 |
| 3.1:Generelt | 6 |
| 3.2: Fritidsbusetnad - frittliggande (H og F) | 7 |
| 3.3: Fritidsbusetnad - konsentrerte (FK1, FK2 og FK3): | 8 |
| 3.4: Maskingarasje/lager (G1) | 8 |
| 3.5: Service (S1 og 2) | 8 |
| 3.6: Skianlegg | 8 |
| 3.7: Skiløypetrase | 9 |
| 3.8: Trafo (T1) | 9 |
| 3.9: Avfallshandtering (RA) | 9 |
| 3.10: Kommunalteknisk anlegg (VA) | 9 |
| § 4 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL §12-5 nr.2) | 9 |
| 4.1: Køyreveg (KV) | 9 |
| 4.2: Parkeringsplassar (P) | 10 |
| 4.4 Annan veggrunn - grøntareal (-) | 10 |
| § 5 Landbruks,- natur,- og friluftsføremål (PBL §12-5 nr 5.) | 10 |
| 5.1: Friluftsføremål (-) | 10 |
| §6 Omsynssoner (PBL §12-6) | 11 |
| 6.1: Frisiktsone (H140) | 11 |
| 6.2: Høgspenningsanlegg (H370) | 11 |
| 6.3: Faresone - skytebane for skiskyting (H360) | 11 |
| 6.4: Faresone – jord- og flaumskred (H310) | 11 |
| § 7 Rekkefølgjekrav | 11 |
| 7.1 Tilkomstveg | 11 |
| 7.2 Planering i felt F4 m.m. | 11 |

§ 1 Generelt

Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegnene. Føresegnene kjem i tillegg til det som er bestemt i plan og bygningslova (PBL) med forskrifter. Etter at plan, kart og føresegner er vedtekne, er det i ikkje høve til å inngå privatrettslege avtalar som er i strid med reguleringsplanen eller føresegnene.

DEL 1

Del 1 av reguleringsføresegnene gjeld for området som er vist med reguleringsgrense på kart *reguleringsplan for Hornindal Skisenter m.m.* vedteken 29.03.2007. Vist på figur 1 med svart avgrensing.

LANDBRUKSOMRÅDE - PBL § 25.2 (1985)

Område L1 og landbruksområda, som ligg i 2007-planen, skal nyttast som slåttemark og som beite. Kantvegetasjonen rundt desse områda kan ikkje fjernast, men det kan utførast plukkhogst. Ingen av områda kan utplantast med gran. I vintersesongen kan områda - med grunneigaren sitt samtykkje - nyttast som trase for skiløyper.

Ved ev. løyve til kraftutbygging i området kan rørgate leggjast gjennom område avsett til landbruk.

FRIOMRÅDE - PBL § 25.4 (1985)

Generelt

I samband med opparbeiding av anlegg for sport og idrett skal all transport til og frå anleggsområdet skje i anleggstraséen/ anleggstraséane. Alle skjæringar og fyllingar skal planerast og revegeterast, og det skal etablerast ein mjuk overgang mellom planert og eksisterande terreng - utan bratte sidekantar (maksimum 1:5).

Der trekktrasear og nedfartsløyper kryssar elve- og bekkefar skal kryssinga skje på ein slik måte at vatnet ikkje vert avleidd frå sitt naturlege løp. I dei tilfelle det vert etablert stikkrenner/ lagt ned røyr, skal alle innløp og utløp plastrast/ murast med naturstein - tilpassa hellingsgrada i det aktuelle området. Stikkrennene/ røyra må dimensjonerast slik at det ikkje er fare for tiltetting.

Anlegg for skileik

Område avsett til skileik skal i størst mogeleg grad nyttast utan omfattande opparbeiding. Området skal nyttast til ulike aktivitetar for born, slik som skileiktrasear, skileikebakkar og liknande.

Anlegg for idrett og sport – trekktrasear, nedfartsløyper og stadionområde

Innanfor desse områda kan det byggjast trekk- og nedfartstraséar med tilhøyrande tekniske installasjonar. Rydda trase for skitrekk skal ikkje vere meir enn 7m brei.

Nedfartane skal tilpassast terrenget på ein slik måte at traseane framstår som mjuke linjer i terrenget, og slik at mest mogeleg vegetasjon blir bevart. Der traseane grensar mot friluftsområde kan reguleringslinja avvikast med ± 5 m i høve til det som er vist på reguleringsplanen. Ved ev. avvik utover dette må det liggje føre dispensasjon – før tiltaket kan setjast i verk. Heile nedfarten kan lyssetjast.

Opparbeiding av trekk- og nedfartstraséar, lyanlegg o.a. tekniske installasjonar er alle søknadspliktige tiltak i medhald av PBL §§ 84 og 93, og det må liggje føre godkjent løyve før opparbeidinga kan ta til.

Dersom det etter kommunen sitt skjønn ikkje er til ulempe for den primære bruken av området kan det innanfor dette området også førast opp ev. fotgjengar- og løypebruer, kioskar salsboder, tidtakarbu, kommunaltekniske anlegg, transformator kioskar og liknande installasjonar.

SPESIALOMRÅDE - PBL § 25.6 (1985)

Friluftsområde

Område regulert som friluftsområde kan framleis nyttast i jordbrukssamanheng, men det er ikkje høve til å dyrke, kanalisere eller utføre andre tiltak som reduserer området som friluftsområde. Uttak av ved o.a. plukkhogst kan framleis skje, men det er ikkje høve til å snauhogge eller føreta utplanting av gran i området.

Heile friluftsområdet kan nyttast til skiaktivitetar, men det er ikkje høve til å etablere eller preparere nedfartstraséar i dette området – utover det som er nemnt under § 6.5. I vintersesongen kan områda - med grunneigaren sitt samtykkje - nyttast som trase for skiløyper.

DEL 2

Del 2 av føresegnene gjeld for *reguleringsplan for Hornindal Skisenter m.m.*, eigengodkjend av Hornindal kommunestyre den 30.10.2014, KS-056/14, med endringar av 05.12.2019 (vist på Figur 1 og 2). Det føreligg nytt plankartkart for deler av området, med **Plan ID: 2018-0001, datert 20.02.19.**

Området vert regulert til desse føremåla, med tilvising til § 12-5 i PBL:

Bygg og anlegg (PBL §12-5 nr.1)

- Fritidsbusetnad – frittliggande (F)
- Fritidsbusetnad – konsentrerte (FK)
- Maskingarasje/lager (G1)
- Service (S1 og S2)
- Skianlegg (SA1 og SA2)
- Skiløypetrase (ST)
- Trafo (T1 og T2)
- Avfallshandtering (RA)
- Vassforsyningsanlegg (V1 og V2))

Samferdselanlegg og teknisk infrastruktur (PBL §12-5 nr.2)

- Køyreveg (Veg 1-16)
- Parkeringsareal (P1-5)
- Annan veggrunn

Landbruks,- natur,- og friluftsføremål (PBL §12-5 nr 5.)

- Friluftsføremål

Omsynssoener (PBL §12-6)

- Frisikt (H140)
- Jord- og flaumskred (H310)
- Skytebane (H360)
- Høgspenningsanlegg (H370)

§ 2 Fellesføresegner

2.1 Krav til søknad

- Alle byggesøknader, skal innehalde *situasjonsplan* i målestokk 1:500. Situasjonsplanen skal avklare relevante problemstillingar for den einskilde eigedomen, og m.a. vise:
 - Bygningen si plassering og storleik
 - Høgde, møne og gesimshøgde, takform og møneretning
 - Løysingar for tekniske anlegg (vatn, avløp m.m.)
 - Parkering, sommar og vinter
 - Tilkomst gangstiar, skiløyper
 - Vegetasjon, terrengutforming.
 - Ev. inngjerding
 - Eigartilhøve og naboskap
- Planlagt utnyttingsgrad skal gå fram av søknaden, både % BYA og BRA for kvart enkelt tiltak.
- Ved søknad om tiltak skal det leverast 3 stk. terrengprofil, som gjer greie for eksisterande terreng, bygning(ar) i terreng og ferdig planert tomt. Det skal gå fram korleis den delen av tomta som ikkje er utbygd ev. skal planerast og utnyttast. Ev. støttemurar, gjerde, areal for av,- og pålessing, lagerareal o.l. skal også visast.

2.2 Plassering og byggjegranser

Byggjegranser for byggjeområda er vist på plankartet. Bygningane skal plasserast innanfor desse grensene. Kommunen fastset endeleg plassering og møneretning. Ved plassering av bygg og anlegg, her under løypetrasear, skal det takast omsyn til eksisterande vegetasjon, slik at denne i størst mogleg grad vert teken vare på.

2.3 Utforming av bygg

- a) Det skal nyttast saltak, pulttak, eller ein kombinasjon av desse. Der saltak er hovudtakform skal takvinkelen vere $\geq 25^\circ$, og ev. pulttak i endegavlane skal ha ein takvinkel $\geq 15^\circ$. For bygningar der sal,- og pulttak begge er hovudtakformer skal takvinkelen for begge $\geq 15^\circ$. Alle bygningar på same tomt skal ha tilnærma lik takvinkel.
- b) Høgder på bygg skal vere regulerte slik: G= Gesims. M = møne, begge målt i samsvar med gjeldande lovverk.

Målt ifht. ferdig planert terreng

| Aktuelt mål | 1: Bygg i to etasjar, | 2a: FK1: Bygg i to etasjar, med avgrensa oppstove | 2b: FK 2 og 3: Bygg i to etasjar, med avgrensa oppstove | 3: Bygg i ein etasje, med kjellar i tillegg |
|----------------|-----------------------|---|---|---|
| G maks | 6,5m | 5,5m | 6,5m | 5,5m |
| G gjennomsnitt | 5,5m | 4,0m | 5,0m | 3,5m |
| M maks | 7,5m | 6,5m | 9m | 6,0m |
| M gjennomsnitt | 7,0m | 6,0m | 8,5m | 5,5m |

2.4 Tilkomst og gjesteparkering

Ved bygging av nye vegar/tilkomstar innanfor planområdet, skal dei ulike interessene samordnast, slik at det vert nytta felles løysingar som i størst mogleg grad tek omsyn til natur- og terrengtilhøve.

Gjesteparkering i hyttefeltet skal primært skje på eigen tomt. Parkering til skisenteret skal skje i samsvar med § 4.2 i føresegnene.

2.5 Areal som ikkje vert utbygd

Dei deler av tomta/området som ikkje vert utbygd skal gjevast ei tiltalende form der terrengformasjonar og vegetasjon i størst mogleg grad vert teken vare på. Fjerning av vegetasjon på den enkelte tomt/ område bør avgrensast til bygget/ tiltaket si grunnflate.

I tillegg må vegetasjonen fjernast i trekk- og løypetraséar i den grad dette er naudsynt av omsyn til tryggleiken. Ev. tilplanting skal berre skje med stadeigen vegetasjon. Områda skal haldast ryddige, og ikkje nyttast som lagerplass.

Kantvegetasjon langs alle vassdrag med årssikker vassføring skal sikrast i samsvar med *vannressursloven* sine bestemmelsar om kantvegetasjon § 11. Breidda på vegetasjonsbeltet skal vere minimum 4 m ut til kvar side, ev. mindre dersom naturleg vegetasjonsbelte er smalare.

Lokalt skal handtering av overvatn leggast til grunn ved detaljutforming og prosjektering av tiltaket. Ved søknad om rammeløyve eller igongsetjingsløyve skal det gjerast greie for handtering av alt overvatn, både takvatn, overflatevatn og drensvann, og vert det lagt ned stikkrenne ved innkøyinga til tomta eller liknande skal røyrdimensjonen gå fram av søknaden. Overflatevatn skal under ingen omstende førast inn på spillvassleidningar i feltet.

2.6 Inngjerding

Inngjerding av nærare bestemte område, bygningar og anlegg er tillate der dette er naudsynt av omsyn til tryggleiken for arrangør, utøvar og publikum, eller av omsyn til trivsel og materielle verdiar. Storleiken på område som kan inngjerdest skal ikkje overskride det areal som går fram av desse føresegnene. Alle gjerde skal førast opp i tre, og i form og farge vere tilpassa hytta og ev. verandarekkverk, og andre gjerde i næraste naboskap. Maksimal gjerdehøgde er 1,10 m.

2.7 Vatn og avløp

Tiltak som krev innlagt vatn og/eller som produserer spillvatn skal knytast til kommunalt leidningsnett i samsvar med Hornindal kommune si VA-forskrift.

2.8 El. forsyning, telefoni, antenner m.m.

Innanfor planområdet skal all kabelføring skje ved bruk av jordkabel, og det skal i størst mogeleg grad nyttast fellesgrøfter med andre rør- og kabelføringar. Før arbeidet tek til må det innhentast graveløyve frå kommunen.

2.9 Leidningar i grunnen

Etter godkjenning av kommunen og den enkelte grunneigar kan traséar for vatn og avløp leggast innanfor dei ulike arealbrukskategoriar i planen.

2.10 Kulturminne

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemnd og til straks å melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga, dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. §8, 2. ledd i lov om kulturminne.

§ 3 Bygningar og anlegg (PBL §12-5 nr.1)

3.1:Generelt

- a) Ved søknad om byggjeløyve (gjeld også tilbygg/ påbygg) skal det leggast ved plan-, snitt- og fasadeteikningar/ perspektivteikningar, og kommunen skal sjå til at bygga får god utforming – tilpassa terreng og andre bygningar.

- b) Kledning, taktekkingsmaterialar og utvendige fargar- inklusiv farge på tak, skal gå fram av byggjesøknaden, og godkjennast av kommunen. Taktekking skal vere av naturmateriale som skifer, torv eller tre. Jordfargar skal nyttast som utvendige fargar, mens detaljar som t.d. vindauge og lister kan vere kvite. Reflekterande takflater er ikkje tillate, men etter nærare vurdering kan bruk av takvindauge likevel bli tillate. Det skal leggast vekt på å få ei god estetisk utforming av heile området.
- c) Ev. uteplatting ved hytta/fritidshuset skal i størst mogeleg grad gli naturleg inn i terrenget – med varsemd for vegetasjon og markdekke. Plattingen/ verandaen skal inngå som ein heilskapleg del av planløyvinga, og samla ikkje vere større enn 75 m² – utanfor takutstikk. Høgdeskilnaden mellom golvnivå på plattingen/ verandaen og planert terrengnivå skal vere minst mogeleg, og ikkje overstige 0,6 m.
- d) Synleg grunnmur skal ikkje vere meir enn 0,75 m høg. Ev. bratte skjeringar og fyllingar skal ikkje vere høgare enn 1,5 m, og ikkje brattare enn 1:1,5.
- e) Flaggstenger kan ikkje setjast opp innanfor område regulert til fritidsbusetnad, men det kan nyttast flagg montert på vegg.
- f) I F- og H-felta kan kvar enkelt hyttetomt gjerde inne inntil 325 m², inkl. veranda. Gjerdet skal vere forankra/ festa i hytta. Jf. § 2.6.
- g) I område FK1, FK2 og FK3 er det ikkje høve til å gjerde inne tomter enkeltvis, men samla kring det enkelte delfelt. Gjerdet skal ikkje plasserast nærare regulert trafikkareal enn i byggjegransa, og det kan berre nyttast ein type gjerde rundt kvart enkelte delfelt. Evt. inngjerding skal elles skje etter dei retningslinjer som går fram av § 2.6.
- h) Før tiltak som er nemnde under punkt 3.1 vert sett i verk skal tiltaka vere godkjende av kommunen - som del av byggjeløyvet for hytta, eller i eiga sak. I byggjeperioden for hytta/ fritidshuset kan tomta/anleggsområdet gjerdast inne med elektrisk gjerde. Dette gjerdet skal vere fjerna, og ev. erstatta av permanent gjerde i samsvar med § 3.1, pkt. f, jf. § 2.6, før det blir gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest for hytta/ fritidshuset.
- i) Der det ligg til rette for det kan deler eller heile felt utformast som hyttetun eller hyttegrend.

3.2: Fritidsbusetnad - frittliggande (H og F)

Innanfor H- og F-områda er det regulert totalt 109 tomter.

- a) Bygningar kan maksimalt førast opp i 2 etasjar, og der 2. etasje kan førast opp som «oppstove». Jf. kategori 1 i § 2.3. Eventuelt oppløft for andre etasje skal ha tilnærma same takvinkel som hovudbygget. I tillegg kan det førast opp sokkeletasje.
- b) Kvar enkelt tomt utgjer ei hytteeining og regulerte hyttetomter kan ikkje delast. Innanfor tomta kan det førast opp inntil 3 bygningar: hovudbygning og garasje, anneks, stabbur eller uthus.
- c) Innanfor desse områda kan hovudbygningen ha eit samla BRA på inntil 250 m², men slik at tomta sitt samla utbygde areal ikkje overstig oppgjeven %-BYA. Implisitt i dette ligg at øvrige bygningar skal ha vesentleg mindre BRA enn hovudbygning.
- d) På den enkelte tomt/ brukseining skal det opparbeidast minimum 2 biloppstillingsplassar.

H1 og H3:

%BYA = 20%. H1: 10 tomter. H3: 27 tomter.

F-område, med unntak av F2, F4, F8 og F10:

%BYA= 20%. Totalt 64 tomter.

F2, F4, F8 og F10:

% BYA= 25%. Totalt 18 tomter.

3.3: Fritidsbusetnad - konsentrerte (FK1, FK2 og FK3):

- a) %BYA= 30%. Inntil 58 bueiningar. Sjå også 2.3. om byggehøgder.
- b) Bygningar kan førast opp i inntil 2 etasjar. Kategori 2 i pkt. 2.3.
- c) Innanfor desse områda er det høve til å føre opp fritidsbusetnad med ei eller fleire brukseiningar, med følgjande fordeling: FK1: Inntil 25 brukseiningar. FK2: Inntil 18 brukseiningar. FK3: Inntil 15 brukseiningar.
- d) Ved søknad om tiltak innafør eit FK-område skal det lagast situasjonsplan som viser korleis heile området skal utviklast.
- e) Det er høve til å gjerde inn heile eller deler av det enkelte føremålsområdet. Ev. innegjerding skal skje etter dei retningslinjer som går fram av § 2.6.
- f) For brukseiningar på inntil 60m² BRA skal det vere minst ein oppstillingsplass for bil og for einingar som er større enn dette skal det vere oppstillingsplass for minst to bilar per brukseining.

3.4: Maskingarasje/lager (G1)

%BYA=40%. Området skal nyttast for garasje for trakkemaskiner og utstyr. Deler av bygget kan også nyttast som landbruksgarasje/ verkstad for gnr. 185, bnr.2. Så lenge det er aktivitet på P1-P4, skal trakkemaskiner og anna utstyr bruke veg 14 som tilkomst til G1.

3.5: Service (S1 og 2)

Innanfor S1 er det høve til å føre opp bygningar, med 1 etasje. Høgde på bygg er avgrensa tilsvarende kategori 3, i pkt 2.3. %BYA= 30%.

Innanfor S2 er det høve til føre opp bygg, med inntil 2 etasjar. Høgde på bygg er avgrensa tilsvarende kategori 2, i pkt 2.3. %BYA=30%.

3.6: Skianlegg

S1: Området er delvis målområde for nedfartane i alpinanlegget. Areala kan nyttast til aktivitetar i tilknytning til alpinanlegg og løypenett. Installasjonar knytt til alpinanlegget sin funksjon er innanfor dette føremålet.

S2: Stadionområde, standplass og skytebane tilknytt skiløypetraseen. Areala kan nyttast til aktivitetar i tilknytning til alpinanlegg og løypenett. Det kan etter nærare søknad vere høve til å etablere mindre installasjonar som støttar opp om denne funksjonen.

3.7: Skiløypetrase

Regulert skiløype skal primært nyttast for langrenn, skiskyting og som turløype. Løypetraseen kan opparbeidast med "vegstandard", og i sommarhalvåret ev. nyttast som "ridebane".

3.8: Trafo (T1)

Innanfor dette området er det høve til å plassere trafo, med tilhøyrande konstruksjonar.

3.9: Avfallshandtering (RA)

Området skal nyttast til felles avfallsmottak for feltet/anlegget. Det skal berre nyttast lekkasjesikre og lukka containerar, og området skal haldast ryddig og ikkje vere til fare for beitande dyr. Plassen skal ikkje nyttast til mottak av spesialavfall (maling, olje m.m.). Slikt avfall skal leverast direkte til godkjende mottaksplassar for denne type avfall.

3.10: Kommunalteknisk anlegg (VA)

V1: Området kan nyttast til reinseanlegg og vassforsyningsanlegg for drikkevatn, med tilhøyrande bygg, tankar og installasjonar.

V2: Området kan nyttast til høgdebasseng for vatn, med tilhøyrande bygg, tankar og installasjonar.

§ 4 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL §12-5 nr.2)**4.1: Køyreveg (KV)**

Alle vegar er merka KV.

KV1: Privat veg. Fyrste delstrekning er tilkomst til hovuddelen av hyttgrenda. Øvrige deler av vegen er tilkomst til F5 og F6. Tomt 50 kan ha eigen tilkomst, direkte frå KV1. Regulert vegbreidde er 6m fram til krysset med veg 2, vidare 5m. Krysset mot Setrevegen, med tilhøyrande frisktsoner skal opparbeidast i samsvar med handbok 017.

KV2: Privat tilkomstveg til einingar i H3. Regulert vegbreidde er 5m.

KV3: Privat tilkomstveg til F12 og F17 - F24. Regulert vegbreidde er 5m Det er høve til å ta ut tømmer eller liknande via denne vegen frå terrenget på vestsida av Storegrova.

Vegen skal også fungere som del av tilkomst til kommunalt høgdebasseng for drikkevatn. Ut over dette kan enden av vegen nyttast til opplagring av snø ved brøyting. Det skal opparbeidast møteplass langs veg 3, som vist i plankartet.

KV4: Privat tilkomstveg til F13 - F16. Regulert vegbreidde er 5m. Det skal vere høve til å ta ut tømmer eller liknande via denne vegen frå terrenget på vestsida av Storeelva. Ut over dette kan enden av vegen nyttast til opplagring av snø ved brøyting. Det skal opparbeidast møteplass langs veg 4, som vist i plankartet. Det er opna for at Veg 4 på sikt kan vere tilkomst for inntil 10 einingar for fritidsbusetnad på vestsida av planområdet, etter nærare avtale.

KV5: Privat tilkomstveg til F9 og F11. Regulert vegbreidde 5m.

KV6: Privat tilkomstveg til F10, tomt 51 og 52, samt til FK 1, 2 og 3. Regulert vegbreidde 5m.

KV7: Privat tilkomstveg til F2 og F4. Regulert vegbreidde er 5m (vegbane 4m + 2x skulder 0,5m).

KV8: Privat tilkomstveg til H1. Regulert vegbreidde er 5m.

KV9: Privat tilkomstveg til G1, samt fordelingsveg til parkeringsplassane P2 og P3. Når P1 til P4 er i bruk er vegen stengd for trakkemaskiner og liknande utstyr så langt sør som parkeringsplassane strekkjer seg.

KV10: Privat tilkomstveg til S1 og S2, varmestove/startområde for heis. Vegeigar avgjer omfanget av snøbrøyting.

KV11: Sætrevegen - Offentleg: Tilkomstveg til Harevadet Hyttegrend, Hornindal Skisenter og til utfarts,- og landbruksområde i Grendadalen. Vegen inkluderer snuplass for buss og er regulert med 5m breidde og 1,5m vegggrøft på kvar side, totalt 8m. Radius for snuplass er sett til 15m. Nærare reglar for drift og vedlikehald av vegen skal skje i samsvar med «Avtale om kommunal overtaking av privat veg Geilane – Holebakkane – skisenteret». Innanfor planområdet er det ikkje høve til å etablere andre avkøyrslar enn dei som går fram av plankartet.

KV12: Setrevegen – Privat: Frå snuplass ved enden av veg 11 er vegen privat tilkomstveg til utfarts,- og landbruksområde i Grendadalen.

KV13: Privat veg, tilkomst til V2.

KV14: Privat veg, sambinding mellom G1 og arbeidsområde for t.d. trakkemaskiner. I høve der Veg 9 er stengd for slik trafikk skal Veg 14 nyttast.

KV15: Privat veg, tilkomst til oppstillingsplass for renovasjonsløyising.

KV16: Manøvreringsareal i tilknytning til oppstillingsplass for renovasjonsløyising.

4.2: Parkeringsplassar (P)

Private parkeringsareal P1 til P4, til bruk for Hornindal skisenter. Totalt 480 oppstillingsplassar. Parkeringsareala kan delast opp med vegetasjonssoner som deler opp siktlinjer frå Katuglehåjen mot Grendadalen.

P1: Areal på 3,6 daa, med oppstillingsplass for inntil 109 bilar.

P2: Areal på 4,5 daa, med oppstillingsplass for inntil 126 bilar.

P3: Areal på 5,7 daa, med oppstillingsplass for inntil 165 bilar.

P4: Areal på 3,9 daa, med oppstillingsplass for inntil 80 bilar.

4.4 Annan veggrunn - grøntareal (-)

Areala kan nyttast til vegggrøft, og skal opparbeidast som grøntareal etter inngrep, fortrinnsvis med stadeigen vegetasjon. Områda kan opparbeidast som rasteplassar/møteplassar med enkle installasjonar for å gjere dette til ein møteplass/nisteplass for dei som brukar området. På vinterstid kan ein eventuelt nytte desse områda til snølager.

§ 5 Landbruks,- natur,- og friluftsføremål (PBL §12-5 nr 5.)

5.1: Friluftsføremål (-)

Gjeld soner mellom utbyggingsområde og parkering/skisenterfunksjon. I vintersesongen kan områda nyttast som trase for skiløyper. Det er høve til å ferdast fritt/opparbeide enkle stiar. Det er høve til å legge ned hovudledningsnett, i tilknytning til høgdebasseng gjennom deler av områda.

Dette føreset at grøfter vert opparbeidde mest mogleg skånsomt, og at det vert gjort tiltak for at terrenget skal framstå mest mogleg intakt og vegetert etter at grøfta er ferdig.

Det må ikkje setjast opp installasjonar som er til hinder for fri ferdsel, men det kan vere høve til å opparbeide små møteplassar, i form av t.d. benkar/bord, leikeapparat, gapahuk eller liknande, etter nærare avklaring med kommunen. Ingen av områda kan utplantast med gran.

§6 Omsynssoner (PBL §12-6)

6.1: Frisiktsone (H140)

I området mellom frisiktlinje og køyreveg (frisiktsona) skal det vere fri sikt i ei høgd på 0,5 meter over nivået til tilstøytande vegar. Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar vert fjerna. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsona.

6.2: Høgspenningsanlegg (H370)

Sikringszone, med reguleringsbreidde 4m. Innanfor denne sona skal ikkje gravearbeid skje utan graveløyve og presis kabelpåvising.

6.3: Faresone - skytebane for skiskyting (H360)

Det regulerte fareområdet omfattar skiskyttararena med tilhøyrande tekniske installasjonar, samt lovfesta sikringszone rundt anlegget. Innanfor området er det ikkje tillate med andre installasjonar enn dei som har direkte tilknytning til skiskyting. All anleggsutbygging og tryggleikstiltak i dette området skal støtte krava i *Forskrifter om anlegg av, kontroll med og godkjenning av sivile skytebaner av 1. juli 1988*.

6.4: Faresone – jord- og flaumskred (H310)

Det er lagt inn omsynssoner på 20 m til kvar side av senter langs to elveløp – Storegrova, som går langs vestsida av planområdet, og Såpegrova som passerer på austsida. Innafor dette området kan det, i medhald av TEK17, berre etablerast tiltak i tryggleiksklasse S1 for bygningar og S2 for uteområde/ parkering. Alle eksisterande tiltak kan vidareførast.

§ 7 Rekkefølgekrav

7.1 Tilkomstveg

Det kan ikkje gjevast bruksløyve til tiltak før tilkomstvegen og andre naudsynte infrastrukturtiltak er ferdig opparbeidd - fram til den aktuelle bygningen/ anlegget. Dette kravet gjeld likevel ikkje asfaltering.

7.2 Planering i felt F4 m.m.

Før nordaustre del av felt F4 og tilgrensande friluftsområde vert planert, skal kommunen godkjenne nye terrengsnitt som også viser siktlinja frå felt F8 til Hornindalsvatnet.